

Innkalling

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus
Dato: 03.02.2026
Tidspunkt: 12:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/26 Orienteringar
- OS 01/26 Orientering om konkurranseutsetting Hatlane omsorgsenter
- PS 03/26 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 kommunale bustader - forvaltning og tildeling
- PS 04/26 Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
- PS 05/26 Nummerert brev nr. 11 frå revisor - offentlege anskaffingar
- PS 06/26 Forenkla etterlevingskontroll 2025 offentlege anskaffingar - rapport og uttale frå revisor
- PS 07/26 Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025
- PS 08/26 Innspel til forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode - revisjon 2026
- PS 09/26 Endring møtedato juni 2026
- PS 10/26 Meldingar og skriv
- MS 01/26 Suppleringsval varamedlemmer kontrollutval
- MS 02/26 Kommunestyret sitt vedtak forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning
- MS 03/26 Melding om Statsforvaltaren sitt tilsyn - individuelt tilrettelagt opplæring og saksbehandlingstid

Ålesund, 26.01.2026

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 01/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 25.11.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 02/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Orienteringar

Underliggende saker

01/26 Orientering om konkurranseutsetting Hatlane omsorgsenter

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 01/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Orientering om konkurranseutsetting Hatlane omsorgssenter

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Kommunedirektøren er invitert for å gje kontrollutvalet ei orientering om prosessane rundt konkurranseutsettinga av Hatlane omsorgssenter. Kommunedirektøren har fått tilsendt nokre spørsmål som ligg som vedlagt saka her.

Kommunestyret har gjort eit politisk vedtak om at Hatlane omsorgssenter skulle konkurranseutsetjast.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal mellom anna følgje opp at vedtak vert iverksett, at ressursar vert forvalta på ein effektiv måte og kontrollutvalet skal medverke til forbetring og læring.

Derfor er det nyttig for kontrollutvalet å få informasjon og kunnskap om dei forbetringar og læringspunkt som kan ha verdi for kommunen i etterkant av ein slik prosess.

Vedlegg

Orientering til kontrollutvalet om konkurranseutsetting av Hatlane omsorgssenter

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 kommunale bustader - forvaltning og tildeling Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området kommunale bustader - forvaltning og tildeling, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er på inntil 350 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 26.juni 2026, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 9. juni.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatsrådgivaren informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

I kontrollutvalet sitt møte 25.11.2025 gjorde Ålesund kontrollutval følgjande vedtak:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan kommunale bustader - forvaltning og tildeling, i Ålesund kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- *bakgrunn og føremål*
- *problemstillingar*
- *revisjonskriterie og metode*
- *tidsplan*

- *forventa ressursbruk*

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 20. januar 2026.

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Vurdering:

Slik kontrollutvalsrådgivaren vurderer prosjektplanen, så har Møre og Romsdal revisjon SA svart på kontrollutvalet si bestilling av ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon kommunale bustader - forvaltning og tildeling i Ålesund kommune. Prosjektplanen ligg ved saka her.

Det er no når kontrollutvalet behandlar den framlagte prosjektplanen, at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane, og dermed kva ein ynskjer at prosjektet skal gje svar på. Det er viktig at kontrollutvalet brukar tid på prosjektplanen, for å sikre at kontrollutval og revisor har ei felles forståing av oppdraget.

I prosjektplanen frå revisjonen, har revisor lagt inn tre problemstillingar:

1. Er ansvar og roller i forvaltning og tildeling av kommunale boliger tydelig avklart mellom ÅKE og kommunens tjenester?
2. Sikrer samhandlingen mellom ÅKE og øvrige tjenester en helhetlig og forsvarlig tildelingsprosess for kommunale boliger?
3. Har kommunen et system som ivaretar forsvarlig vedlikehold og formålstjenlig bruk av kommunale boliger?

Kontrollutvalet bør drøfte og ta stilling til om desse problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ynskjer å revidere.

På spørsmålet om det samsvarar med den risiko- og vesentlegheit som kontrollutvalet la til grunn for prioriteringa i Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027, så er sekretariatet si vurdering at det prosjektplanen tek høgde for og dei avgrensingar som er gjort, dekkjer dette.

Og ut frå sekretariatet si vurdering er dei foreslåtte rammene for ressursbruk og framdriftsplan, i samsvar med det som var forventa.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 kommunale bustader
Oppdragsansvarleg revisor si erklæring om uavhengighet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 04/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS

Sekretariatet si innstilling:

1. Kontrollutvalet i Ålesund kommune vil delta i ei felles bestilling av ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Ålesund kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenester
4. Ålesund kontrollutval har - ingen kommentarar/fylgjande kommentarar - til felles bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt initiativ til ein felles forvaltningsrevisjon av Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS (IKAMR IKS), og kontrollutvala i dei andre eigarkommunane er invitert til å delta og kome med eventuelle innspel.

Invitasjonen frå Møre og Romsdal fylke sitt kontrollutval ligg ved som vedlegg og dei bed om tilbakemelding innan utgangen av februar 2026.

Føremålet med revisjonen er å undersøke om IKAMR IKS leverer arkivtenester til eigarane i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande arkivlov.

I invitasjonen frå fylket sitt kontrollutval står det mellom anna:

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på om det er ønskeleg å delta i ein felles forvaltningsrevisjon som nemnd ovanfor, og om det er innspel på:

- *Føremål og spørsmål/problemstillingar som skal undersøkast.*
- *Om Møre og Romsdal Revisjon SA kan gjennomføre forvaltningsrevisjonen på vegne av alle eigarane, og at kostanden blir fordelt på eigarane etter eigarbrøk.*

Vurdering:

Det er avgjerande for kommunar og fylkeskommunar å ha tilgang til velfungerande og lovmessige arkivtenester. Ei velfungerande arkivteneste er ein føresetnad for å sikre dokumentasjonsplikt, transparens, rettstryggleik og god forvaltning, og det er heilt sentralt at tenestene som vert levert frå IKAMR IKS er i samsvar med gjeldande regelverk. Ny arkivlov trådte i kraft 1. januar 2026.

Arkivverket fører ikkje tilsyn med interkommunale arkivinstitusjonar som IKAMR IKS etter arkivlova. Det er kommunane sjølve som har ansvar for å påsjå at arkivinstitusjonane dei eig og brukar, driv i samsvar med arkivlova og anna relevant regelverk. Dette tilseier eit særleg ansvar for eigarkommunane til å følgje opp verksemda gjennom kontrollutvala.

I tillegg til å undersøke om verksemda er i tråd med arkivloven, kan det vere aktuelt å sjå på om selskapet har etablert og følgjer opp eit internkontrollsystem, og i kva grad dette systemet fungerer etter føremålet.

Sekretariatet meiner at det i budsjettramma for kontrollarbeidet for Ålesund kommune er rom for å delta i eit slikt felles forvaltningsrevisjonsprosjekt om kostnadene vert fordelte etter eigardel (eigarbrøk). Då vil den samla kostnaden for kvar enkelt eigarkommune bli redusert, samtidig som ein sikrar ei brei og samla undersøking som kan gje informasjon som alle kan nytte i kontrollutvalet sitt arbeid med forbetring og læring.

Ålesund kommune har ein eigardel på vel 16% i IKAMR IKS. Dersom revisjonen vert gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA innanfor ei ramme på om lag 500 timar, og med timepris på kr 1 400, utgjer dette ein total kostnadsramme på kr 700 000. For Ålesund kommune vil dette tilsvare ein estimert kostnad på omlag kr 115 000.

Møre og Romsdal Revisjon SA er leverandør av revisjonstenester for fylkeskommunen, og det er dei som vil gjennomføre forvaltningsrevisjon av IKAMR IKS. Temaet for forvaltningsrevisjonen er å avgjere om selskapet leverer arkivtenester i tråd med gjeldande lovgjeving. Etter tilbakemelding om deltaking og eventuelle innspel frå eigarkommunane vert det utarbeidd ein prosjektplan. Denne vert lagt til handsaming i kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, før den vert sendt til orientering i dei andre deltakarkommunane.

Om Ålesund kontrollutval har innspel som fylket sitt kontrollutval bør vurdere å ta med i det vidare arbeidet med forvaltningsrevisjonen, så bør det formidlast i lag med tilbakemelding om deltaking.

Vedlegg

Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon 2026 - Interkommunalt arkiv IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 05/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Nummerert brev nr. 11 frå revisor - offentlege anskaffingar Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande, men oppmodar revisor til å kome attende til dette ved ein seinare etterlevingskontroll.

Kontrollutvalet er kjent med at kommunedirektøren no er gjort kjent med revisor sine funn og vil følgje opp dette i sitt kvalitets- og forbetringsarbeid slik at det ikkje er avvik på dette ved neste kontroll.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor skal melde frå skrifteleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit nummerert brev nr. 11 datert 13.01.2026. Her informerer revisor kontrollutvalet om at gjennom kontrollhandlingar og innhenta bevis ved

gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll med offentlege anskaffingar, har revisor blitt merksam på avvik.

Avvika er knytt til at det i 2025 ved nokre få anskaffingar over kr 500 000, ikkje er innhenta skatteattest slik lov og forskrift tilseier. Og at det ved nokre høve ikkje er ferdigstilt anskaffelsesprotokoll. Begge desse forholda er og eit avvik frå kommunen sitt eige innkjøpsreglement, og er fanga opp av avdelinga for å iverksette tiltak.

Revisor kan i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for dette nummererte brevet og kva revisor har gjort/kjem til å gjere for å følgje opp dette. Kommunedirektøren bør og få høve til å kommentere dette i møtet før kontrollutvalet handsamar det nummererte brevet.

Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet kan ta dette nummererte brevet til vitande no, men oppmode revisor om å ta det med vidare revisjonsarbeid i si risiko- og vesentlegvurdering for seinare forenkla etterlevingskontrollar.

Vedlegg

Nummerert brev nr. 11 Ålesund kommune - offentlege anskaffingar

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 06/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Forenkla etterlevingskontroll 2025 offentlege anskaffingar - rapport og uttale frå revisor Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2025 med offentlege anskaffingar i Ålesund kommune, til vitande.

Kontrollutvalet er informert om dei forholda som revisor har blitt merksam på gjennom kontrollhandlingar og innhenta bevis, og ber revisor ta det med i sitt vidare arbeid.

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltninga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Revisor skal innan 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Revisor nyttar eit standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltninga, som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen.

For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet.

Resultatet frå ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast som eit grunnlag for kontrollutvalet, for å vurdere om det er behov for andre kontrollhandlingar innan

området. Kontrollen er meint å styrke grunnlaget for at kontrollutvalet kan ivareta ansvaret for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga skjer i samsvar med føresegner og vedtak

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll. Revisor valgte for 2025 å sjå på etterleving av reglar og vedtak innan området offentlege anskaffingar.

Revisor skal planlegge og gjennomføre oppdraget for å oppnå moderat tryggleik for kor vidt det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleving av føresegner og vedtak i kommunen si forvalting av økonomi knytt til attestasjon og tilvising. Revisor viser kontrollutvalet gjennom sin rapport korleis oppdraget er gjennomført på ein tilfredstillande måte.

Revisor har gjennom dei gjennomførte kontrollhandlingane blitt merksam på at det for enkelte av anskaffingane ikkje er innhenta skatteattest og at det manglar anskaffelsesprotokollar for nokre av anskaffingane. Dette gjer revisor kontrollutvalet merksam på gjennom eit nummerert brev, som kontrollutvalet handsama i eiga sak.

Uttalen frå revisor er motteken innan fristen. Revisor gjev følgjande uttale:

Basert på de utførte handlingene og innhentede beviset er vi, med unntak av virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet Grunnlag for konklusjon med forbehold i vår uttalelse, ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i lov om offentlige anskaffelser og kommunens egne retningslinjer og innkjøpsstrategi.

Møre og Romsdal Revisjon SA vil vere til stades i møtet til Ålesund kontrollutval og kan svare på spørsmål.

Heimelsgrunnlag:

- Kommuneleva § 24-9
- RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

Vedlegg

Revisor sin uttale forenklet etterlevingskontroll 2025 offentlege anskaffingar

Rapport forenkla etterlevingskontroll 2025 offentlege anskaffingar

Leiinga sin uttale - forenkla etterlevingskontroll 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 07/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2025 Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande og merkar seg at revisor si oppsummering er at det gjennom revisor sine kontrollar ikkje er avdekka nevneverdige feil eller manglar som krev oppfølging.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen. Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.



Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 03.02.2026 vil oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gi kontrollutvalet ei oppsummering av den gjennomførte interimsrevisjonen for 2025.

Revisor si oppsummering gjev kontrollutvalet informasjon om at revisjonen går etter planen, og kontrollutvalet vil bli informert om viktige forhold som vert avdekt.

Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen, så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad at dei fører til eventuelle endringar for revisjonsplanen av årsrekneskapen 2025.

Vedlegg

Revisor sin rapport etter interim årsrekneskap 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 08/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Innspel til forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode - revisjon 2026 **Ålesund kommune**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tilrår nokre endringar i samband med at forskrift og reglement for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode skal reviderast i 2026. Dette er punkt som direkte vedkjem kontrollutvalet sitt arbeid eller rolle.

Til forskrifta så har kontrollutvalet ingen kommentar, men tilrår følgjande endringar i reglementets kapittel 4. (Endringane er markert i kursiv.)

Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår

§ 4-1

Tilføyning i punkt b) Opplæring skal administrerast av politisk sekretariat med støtte frå kommunedirektøren sine stabseiningar og aktuelle verksemdar. *Kontrollutvalet får invitasjon til opplæringa, i tillegg til den kontrollfaglege opplæringa kontrollutvalsekretariatet administrerer.*

§ 4-2

Tilføyning i punkt a) faste medlemmer av kommunestyret og *kontrollutvalet...*

Tilføyning i punkt b) etter Leiarar i alle folkevalde organ og *første varamedlem til kontrollutvalet* skal få låne anten pc eller nettbrett i heile perioden.

Nytt punkt g) *Kontrollutvalet skal ha tilgang til møterom i rådhuset for å avvikle sine møter. Møterommet må vere lett tilgjengeleg for publikum. Adgangskort til rådhuset/møterommet vert gitt til kontrollutvalet ved sekretariatet.*

Bakgrunnsinformasjon:

Det er sett opp ei sak til møte i formannskapet 27.01.2026 som omhandlar revisjon av forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode. I sakspapira til

formannskapet kan ein lese at det vert forslått ein høyringsperiode med høyringsfrist 28.02.2026. I kommunedirektøren si tilråding til vedtak er det foreslått behandling i formannskapet 17. mars og kommunestyret 26. mars. Sakspapira til formannskapet vert lagt ved her.

Det betyr at dersom kontrollutvalet skal gje innspel til høyringa så må det vedtakast på møtet 3. februar sidan neste møte i kontrollutvalet er etter den foreslåtte høyringsfristen.

Vurdering:

Ålesund kommune har både ei forskrift og eit reglement som utdjupar forskrifta.

Dette skal no reviderast og då er det eit høve for til å gje sine innspel på nokre områder som vedkjem kontrollutvalet spesielt.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt lovpålagte organ, og det skal velgjast som første organ etter formannskapet. Kontrollutvalet er folkevalde i Ålesund kommune, og kommunestyret pliktar å stille naudsynte ressursar til disposisjon for kontrollutvalet. Dei same rettane til godtgjersle og velferdsgode gjeld for kontrollutvalet som for andre folkevalde i Ålesund kommune.

Forskrifta som er lagt fram er generell, og slik sekretariatet ser det så er ikkje der noko som kontrollutvalet treng å gje innspel på.

Når det gjeld reglementet som utdjupar forskrifta, så er det nokre punkt i kapittel 4 som sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å kommentere og foreslå endring på.

Kapittel 4

§ 4-1 Opplæring og tilrettelegging

Gjeldande punkt a) Dei folkevalde skal få tilbod om opplæring i kommunen sin politiske- og administrative styringsstruktur, arbeidet i folkevalde organ, tilgjengeleg styringsverktøy, samt andre forhold som er viktig for å utøve vervet som folkevald.

Her står det "dei folkevalde". Kven som er å rekne som folkevalde er definert i kommunelova § 5-1, og inkluderar sjølvstøtt kontrollutvalet.

Gjeldande punkt b) Opplæring skal administrerast av politisk sekretariat med støtte kommunedirektøren sine stabseiningar og aktuelle verksemdar.

I praksis så vert ikkje alltid kontrollutvalet huska på i denne sammenhengen. Årsaka er nok fordi kontrollutvalet har eige sekretariat og er dermed ikkje så ofte i kontakt med dei som administrerer opplæringa og sender ut invitasjon.

Like fullt er det viktig at kontrollutvalet får tilbod om den generelle folkevaldopplæringa og tilgjengelege styringsverktøy, på lik linje som andre folkevalde.

Sekretariatet vil foreslå at kontrollutvalet vurderer om dette bør kome meir tydeleg fram i reglementet og foreslår at det kan settast inn ein setning om det under punkt b).

Forslag tilføying i punkt b) Opplæring skal administrerast av politisk sekretariat med støtte frå kommunedirektøren sine stabseiningar og aktuelle verksemdar. *Kontrollutvalet får invitasjon til denne opplæringa, i tillegg til den kontrollfaglege opplæringa kontrollutvaldsekretariatet administrerer.*

§ 4-2 Digitale arbeidsverktøy, møterom mv.

Gjeldande punkt a) Faste medlemmer av kommunestyret får ved starten av kommunestyreperioden utdelt kommunal låne-PC med programvare som er nødvendig for å utføre vervet.

Kommunelova er klar på at kommunestyret pliktar å stille naudsynte ressursar til disposisjon for kontrollutvalet. I dag er alle dokument til kontrollutvalet digitale, og kontrollutvalet har sin eigen (pga uavhengigheita) digitale møteportal.

Det er heilt avgjerande for at kontrollutvalet skal kunne utføre vervet og oppgåva si som kommunestyret sitt kontrollorgan, at medlemmane har dei digitale verktøy og tilgangar dei treng. Derfor vil sekretariatet foreslå at kontrollutvalet ber om å få dette med i § 4-2 punkt a) ved å føye til “faste medlemmer av kommunestyret og *kontrollutvalet...*”

Det same bør stå i gjeldande punkt b) slik at dei første varamedlemmene i kontrollutvalet får tilbod om å låne anten pc eller nettbrett i heile perioden, og ikkje berre om det er ledige nettbrett.

Forslag punkt b) Leiarar i alle folkevalde organ og *første varamedlem kontrollutvalet* skal få låne anten pc eller nettbrett i heile perioden.

Når det gjeld møterom for kontrollutvalet sine møter, så er det viktig at det er i lokaler som er lett tilgjengelege for innbyggjarar og presse. Dette har fungert godt i denne perioden ved bruk av møterom i 4. etg lågblocka rom 463, men det bør kanskje takast med i reglementet. Det er underforstått at møterommet må reserverast i god tid. Når det gjeld adgangskort, så bør sekretariatet har det på lik linje med dei som er lista opp i punkt e).

Forslag til nytt punkt g) *Kontrollutvalet skal ha tilgang til møterom i rådhuset for å avvikle sine møter. Møterommet må vere lett tilgjengeleg for publikum. Adgangskort til rådhuset/møterommet vert gitt til kontrollutvalet ved sekretariatet.*

Vedlegg

Saksframlegg formannskap forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode
Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår revisjon januar 2026
Forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 09/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Endring møtedato juni 2026 Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval flyttar møtet 14. april til for å kunne gje sin uttale til årsreknekap og årsmelding før formannskapet og kommunestyret skal behandle saka.

Bakgrunnsinformasjon:

Ålesund kontrollutval vedtok møteplan for 2026 i sitt møte 25.11.2025 i sak 44/25. Kontrollutvalet skal gje ein uttale til årsrekneskap og årsmelding før formannskap og kommunestyre handsamar saka.

Vurdering:

Frist for å avlegge årsrekneskap er 22. februar og for årsmelding 31. mars, revisor skal avgje revisjonsmelding innan 15. april.

Erfaringa frå dei seinaste åra er at det har vore vanskeleg å halde desse fristane på grunn av mykje ekstra arbeid for administrasjonen knytt til kommunesamanslåing og kommunedeling. 2025 var eit tilnærma normalår, og vi må gå ut frå og har fått signal på at fristane vert haldne.

Det er planlagt behandling av årsrekneskap 2025 i Ålesund formannskap 9. juni og Ålesund kommunestyre 18. juni. Kontrollutvalet må avgje sin uttale før innkalling og sakspapir til formannskapet går ut.

På kontrollutvalet sin møteplan er det sett opp eit møte 9. juni og møtet før er sett opp til 14. april. For at kontrollutvalet skal få gitt sin uttale slik at den kan kome med saka må enten møtet 14. april flyttast eller møtet 9. juni flyttast.

Sekretariatet føresler å halde på junimøtet men å flytte aprilmøtet til ein av desse tre alternative datoane:

- 28. april (kan bli litt knapp tid frå revisjonsfristen)
- 5. mai
- 12. mai

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 10/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Meldingar og skriv

Underliggende saker

01/26 Suppleringsval varamedlemmer kontrollutval
02/26 Kommunestyret sitt vedtak forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning
03/26 Melding om Statsforvaltaren sitt tilsyn - individuelt tilrettelagt opplæring og saksbehandlingstid

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 01/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Suppleringsval varamedlemmer kontrollutval Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kommunestyret har gjort suppleringsval av varamedlemmer til Ålesund kontrollutval.

Nytt første varamedlem i kontrollutvalet for samarbeidslista H, Frp, Å og Sp: Wenke Engvik Gjørtz

Nytt tredje varamedlem i kontrollutvalet for samarbeidslista H, Frp, Å og Sp: Torgrim Finnes

Vedlegg

Melding om vedtak Supplering av varamedlemmer til kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 02/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Kommunestyret sitt vedtak forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Ålesund kommunestyre sitt vedtak i sak 124/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023.

Vedlegg

Melding om vedtak - Rapport forvaltningsrevisjon 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 03/26 Ålesund kontrollutval

Møtedato
03.02.2026

Melding om Statsforvaltaren sitt tilsyn - individuelt tilrettelagt opplæring og saksbehandlingstid Ålesund kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitande og vil be om ei orientering frå kommunedirektøren om tenesteområdet, ved eit seinare høve.

Bakgrunnsinformasjon:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyer sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid.

Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn, som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar

Hausten 2025 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hatt tilsyn med individuelt tilrettelagt opplæring - saksbehandlingstid i Ålesund kommune. Rapporten frå dette tilsynet ligg ved her og Statsforvaltaren har gjeve kommunen frist til slutten av mars for å følgje opp.

Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å be om ei orientering frå kommunedirektøren når Statsforvaltaren har avslutta tilsynet og er nøgd med oppfølginga.

Vedlegg

Rapport frå Statsforvaltaren sitt tilsyn med tilrettelagt opplæring 2025